



Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget    **Deres referanse:**  
**Vår referanse:** 2021/206  
**Dato:** 04.01.2022

## Høyringsinnspel – Meld. St. 40 (2020-2021)

Vi viser til høyring i kommunal- og forvaltningskomiteen om Meld. St. 40 (2020-2021) «Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030».

Noregs institusjon for menneskerettar (NIM) har som hovudoppgåve å fremje og verne menneskerettane i Noreg i tråd med Grunnlova, menneskerettslova og lovgivinga elles, samt internasjonale traktatar og folkeretten elles. Som eit ledd i dette har NIM som oppgåve å gi råd til Stortinget, regjeringa, og andre styringsorgan i spørsmål om menneskerettane.

NIM uttalar seg i utgangspunktet ikkje i nokon særleg grad om hensiktsmessigheita eller prioriteringa av verkemidla styresmaktene vel for å ivareta dei menneskerettslege pliktene sine. Dette høyringsinnspelet er avgrensa til overordna menneskerettslege spørsmål, og går i liten grad inn i dei konkrete verkemidla i stortingsmeldinga.

### 1. Saknar tydeleg skile mellom politiske mål og folkerettslege forpliktingar

Stortingsmeldinga er tydeleg på at bærekraftsmåla og menneskerettane i mange tilfelle komplementarar kvarandre.<sup>1</sup> Fleire av måla handlar om menneskerettslege tema som diskriminering, vald i nære relasjonar, og rettstryggleik. NIM meiner difor det er positivt at menneskerettane er omtalt mange gonger i meldinga.

Samtidig opplever vi at stortingsmeldinga i fleire tilfelle blander folkerettslege forpliktingar og langsiktige politiske mål, noko vi vil åtvare mot. Vi vil minne om at menneskerettane er rettsleg bindande for norske styresmakter allereie i dag, og ikkje eit politisk mål som kan oppfyllast først i 2030. Sivile og politiske rettar skal innfriast umiddelbart av statane allereie ved ratifikasjon, og heller ikkje for økonomiske, sosiale og kulturelle rettar kan Noreg ta ressursatterhald i like stor grad som fattige statar kan.

NIM håper difor skilet mellom politiske mål og menneskerettslege forpliktingar presiserast tydelegare i den vidare oppfølginga av meldinga. Dette er nødvendig for å unngå ei misforståing om at bærekraftsmåla er identisk med menneskerettane. Det er et behov for at skilnaden mellom politiske mål og folkerettslege forpliktingar kommuniserast tydeleg til alle aktørar, inkludert til kommunane, som har eit sjølvstendig

---

<sup>1</sup> Meld. St. 40 (2020-2021), s. 8

ansvar for å gjennomføre menneskerettane. NIM gav nyleg ut ein rapport om kommunar og menneskerettar,<sup>2</sup> som mellom anna viser at det er varierende kjennskap til menneskerettane blant kommunale leiarar. NIM meiner difor det er behov for å styrke kunnskapen om menneskerettane i kommunane.

## **2. Behov for menneskerettslege vurderingar i alle relevante politiske tiltak**

Eit av tiltaka i handlingsplanen er at departementa skal vurdere og omtale konsekvensane av føreslåtte tiltak på bærekraftsmåla i alle nye relevante proposisjonar, stortingsmeldingar og strategiar. NIM meiner det på same måte bør bli føretatt menneskerettslege vurderingar i alle politiske tiltak som kan påverke menneskerettane. Dessverre ser vi at dette ofte manglar i praksis. NIM svarer på ei rekke høyringar kvart år, som på ulikt vis tangerer ulike rettigheiter. Ofte er tilbakemeldingane frå NIM i høyringane at forholdet til menneskerettane ikkje er vurdert, eller at det ikkje er gjort grundige nok konkrete vurderingar. På bakgrunn av dette har NIM i fleire av våre årsmeldingar til Stortinget løfta anbefalinga om at kravet til utredning av forholdet til menneskerettane bør kome fram eksplisitt av utredningsinstruksa.<sup>3</sup> Nyleg har vi òg oppretta dialog med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring om behovet for ein eigen rettleiar om korleis styresmaktene kan gjere gode menneskerettslege vurderingar i høyringsnotat, proposisjonar, meldingar, m.m.<sup>4</sup>

## **3. Avslutning**

Avslutningsvis vil vi nemne at vi er glade for at NIMs rolle løftast særskild opp under mål 16.A. Ein sentral del av NIMs mandat er å gi råd til Stortinget og regjeringa om menneskerettslege spørsmål og gjennomføringa av menneskerettane i Noreg. Vi bistår gjerne komiteen i arbeidet med oppfølging av handlingsplanen om det er ønskeleg.

Venleg helsing  
for Noregs institusjon for menneskerettar

Adele Matheson Mestad

Direktør

Eivind Digranes

Rådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har dermed inga signatur.

---

<sup>2</sup> [Rapporten er tilgjengelig her \(nhri.no\)](#)

<sup>3</sup> NIMs årsmelding for 2016, s. 20-21 og NIMs årsmelding for 2017, s. 19-20

<sup>4</sup> [Brevet er tilgjengeleg her \(nhri.no\)](#)